

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

**Anne-Beth Njærheim, V**, sette fram slikt forslag:

«Under tema lokalsamfunn, nærmiljø og bustader

Nytt punkt:

1. Hordaland fylkeskommune har mål om at minst 10 kommunar skal vere godkjente som trafikksikre kommunar innan planperioden.
2. Hordaland fylkeskommune har mål om at Hordaland fylkeskommune skal jobbe mot å bli godkjent som trafikksikker fylkeskommune innan planperioden.»

**Jon Askeland, Sp**, sette på vegner av Sp, A, KrF og SV fram slike forslag:

«Tillegg under Tiltak 5.1, finansiering:

«... inkludert nasjonal tilskotsordning mot fattigdom.»

Fylkesutvalet oppmodar Hordaland fylkeskommune om å innby kommunane til oppstartseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen prioritera planambisjonar generelt i høve økonomisk handlingsrom i Hordaland fylkeskommune.»

**Roald Kvamme, A**, sette på vegner av A, SV og Sp fram slikt forslag:

«Tema 3 oppvekst og læring, nytt punkt 3.12

Auka kunnskapen om førebyggjande helsetiltak og leggja til rette for tilbod om vaksinasjon mot hjernehinnebetennelse for elevar i vidaregåande skule. Samarbeida med kommunehelsetenesta for å kunna gjera tilbodet gratis og lett tilgjengelig.»

**Pål Kårbø, KrF**, sette fram slikt forslag:

«Tema 3 oppvekst og læring, nytt punkt 3.12

Auka kunnskapen om førebyggjande helsetiltak og leggja til rette for tilbod om vaksinasjon mot hjernehinnebetennelse for elevar i vidaregåande skule. Samarbeida med kommunehelsetenesta for å gjera tilbodet rimeleg og lett tilgjengelig.»

### Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå utval for kultur, idrett og regional utvikling til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kårbø sitt forslag fekk 1 røyst (KrF) og fall.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Under tema lokalsamfunn, nærmiljø og bustader

Nytt punkt:

1. Hordaland fylkeskommune har mål om at minst 10 kommunar skal vere godkjente som trafikksikre kommunar innan planperioden.
2. Hordaland fylkeskommune har mål om at Hordaland fylkeskommune skal jobbe mot å bli godkjent som trafikksikker fylkeskommune innan planperioden.

Handlingsprogrammet – tema 3 Oppvekst og læring, delmål 3.4, vert endra til:  
90% av elevane skal gjennomføre vidaregåande utdanning på 5 år.

Tiltak 3.6 Innhald,- tillegg i setninga : Lærarane skal få auka kompetanse om kva faktorar som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir elevane moglegheit til å ta ansvarlege livsval, og eit betre psykososialt arbeidsmiljø for elevane.

Tema 3 oppvekst og læring, nytt punkt 3.12

Auka kunnskapen om førebyggjanda helsetiltak og leggja til rette for tilbod om vaksinasjon mot hjernehinnebetennelse for elevar i vidaregåande skule. Samarbeida med kommunehelsetenesta for å kunne gjera tilbodet gratis og lett tilgjengelig.»

Tillegg under Tiltak 5.1, finansiering:

«... inkludert nasjonal tilskotsordning mot fattigdom.»

Fylkesutvalet oppmodar administrasjonen om å innby kommunane til oppstartsseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen prioritera planambisjonar generelt i høve økonomisk handlingsrom i Hordaland fylkeskommune.

Fylkesutvalet vedtek elles Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025 slik den ligg føre.